



Svein Ottar Rørheim med godt resultat etter berre timars jakt

Haugland Hjortevald har no gjennomført ein tre år lang planperiode og har totalt sett kome fint ut med avskyting, konkluderar viltforvaltar Leiv Trygve Varanes, Totalfellinga enda på 82 dyr av 84 fellingsløyver. Gruppa kalv og ungdyr skulle ha vore noko høgare, minst 55 medan den enda nesten 3 prosent lågare

Planen la opp til å ta ut minst 40 prosent halvtanna år og eldre koller men enda på 41,5.

Dei tre samanhengjande valda som no har eigne planar kom siste året ut med ei totalfelling på 64 dyr eller 77 prosent

Kommunen har ikkje lenger heimel for godkjenning av bestandsplanar til vald med areal under 7000 dekar, men det er opna for godkjenning av bestandsplanområde som kan gjelda for fleire sjølvstendige vald, Varanes oppmodar Haugland til å søkje samarbeid med nabovald for å samarbeida i eit bestandsplanområde.

Fleire vald har gjennomført første året i sin planperiode.

Såleis har Kjærland-Myklebust-Ytre Rød felt 18 dyr av totalkvoten på 90 dyr. Det må fellast fleire kalvar og ungdyr i åra framover fordi denne gruppa kom ut med berre 33 prosent og bør minst vera 55.

Musland har felt 23 dyr første året og det står att 52 til dei neste 2 åra. Fellinga har vore ganske vellukka i høve til planen, men det skulle ha vore teke nokre fleire i gruppa kalv og hodyr på halvtanna år og over 35 kilo.

Av Ola Matti Mathisen